

HØYRINGSUTTALE FRÅ LÆRDAL KOMMUNE (Forslag til endringer i akuttmedisinforskriften)

Kommunen har mottatte høyringsnotat med «Forslag til endringer i akuttmedisinforskriften» med følgjande endringspunkt:

1. - utvidelse av overgangsordningen for oppfyllelse av kompetansekrav til bemanning på ambulansetiler
2. - endret krav til grunnkompetanse for lege i vakt som følge av ny forskrift om kompetansekrav for leger i den kommunale helse- og omsorgstjenesten
3. - utvidelse av overgangsordningen for krav til gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering
4. - unntak fra kravet om at bakvakt må kunne rykke ut når det er nødvendig for bakvaktlege ansatt i hovedlegevaktsentral i forbindelse med planlagt pilotprosjekt på legevaktfelte

Lokal bakgrunn: Lærdal kommune er ein mindre kommune i Sogn og Fjordane. I kommunen er det eit lokalsjukehus tilhøyrande Helse Førde HF. Kommunelegetenesta har hatt rekrutteringsvanskar, og har to nytilsette legar gjennom ALIS-ordninga i Hordaland og Sogn og Fjordane. Ingen av legane i kommunen er spesialist i allmenntedisin (kommuneoverlege hadde tidlegare denne spesialiteten), og det vil ta eit fleirtal år før spesialist kan forventast. Kommunen er vert for interkommunal legevakt for 3 kommunar lokalisert ved Lærdal sjukehus.

Punktvis høyringsuttale:

1. Utvida overgangsordning for kompetansekrav på ambulansetersonell. Sogn og Fjordane har som andre spreiddbebygde utkantområde utfordringar når det gjeld rekruttering og kompetanse. Det er lokal ambulansetasjon ved Lærdal sjukehus. Utviding av overgangsordninga vil først og fremst vere ei sak for spesialisthelsetenesta som eigar og driftar av ambulansetenenesta, og kommunen har ingen merknader til dette punktet.
2. Endring av grunnkompetanse for lege i vakt.
Slik vi oppfattar forslaget kan lege då ha legevakt utan bakvakt når dei har gjennomført klinisk veileda teneste på 30 mndr. (som då inkluderar turnusteneste/LIS1-teneste 18 mndr, og 12 månader allmenntedisinsk teneste etter denne, eller legen har gjennomført minst 40 legevakter).
Forslaget åpnar også for at legar utdannet i Norge som har gjennomført norsk turnustjeneste, kan ha legevakt utan bakvakt i kortvarige vikariater (2 mndr).

Vi oppfattar også at godkjenning som Allmennlege vil dekke kompetansekravet for den som skal være bakvakt i legevakt.

For Lærdal kommune som har ferske fastlegar, og ingen lege med godkjend spesialitet i allmennmedisin, vil endringsforslaget lette dei utfordringar kommunen har med organisering av legevakt og tilhøyrande bakvakt. Kommunen støttar difor forslaget.

3. Utvida overgangsordning for kurs i akuttmedisin og vold/overgrepshåndtering. Lokalt er tilgangen på kurs i akuttmedisin rimeleg bra, men vold/overgrep er meir krevande å få fullført innan den gamle fristen. Kommunen ser det difor som fornuftig å utvide denne fristen med eit år som i forslaget.
4. Forslaget her er unntak fra kravet om at bakvakt må kunne rykke ut i forbindelse med pilotering av evt. ny legevaktsordning, og gjeld legen som då er stasjonert i hovedlegevaktsentralen.

Lærdal kommune er i noko grad orientert om dei forslag til ny legevaktorganisering som er ønska pilotert framover. Kommunen ser positivt på det å prøve ut ny organisering, inkludert evt. å være med i ein slik pilot dersom den skulle omfatte ein del av, evt. heile Sogn og Fjordane.

For Lærdal kommune

Hans Johan Breidablik (sign)

Kommuneoverlege